

# ORDENSREGLAR VED LESJASKOG SKULE.

Skulane i Lesja skal arbeide for at alle skal ha eit best mogleg læringsmiljø, der trygghet og trivsel er i sentrum. Ver derfor høfleg og vis omtanke og respekt for alle dei som er rundt deg, og ta ansvar for at utstyr og bygningar blir tatt godt vare på. Ein skal ikkje banne eller bruke ukvemsord, eller utøve krenkjande åtferd overfor nokon.

*På skulen forventar vi at du som elev:*

- *syner omsyn, respekt og er høfleg ovanfor alle medelevar og vaksne på skulen.*
- *gjer ditt beste for å bidra til eit godt lærings- og skulemiljø.*
- *tek godt vare på alt som tilhøyrer skulen, både bygningar og utstyr.*
- *møter presis og førebudd til timar og avtaler og deltek aktivt i opplæringa.*

*På skulen kan du som elev forvente:*

- *å bli møtt med respekt og høflegheit.*
- *at skulen legg til rette for eit godt lærings- og skulemiljø.*
- *ein skuledag og skuleveg fri for mobbing.*

*difor kan du ikkje:*

- *ha med gjenstandar som kan nyttast til å skade andre.*
- *ha med eller bruke tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar.*

I timane forventar vi at du som elev:

- Held arbeidsro og viser respekt for undervisninga.
- Bidreg til å helde orden på klasserommet.
- Ikkje bannar, pratar stygt om andre eller krenker andre.

I friminutta forventar vi at du som elev:

- Er ute i alle friminutt. Gangane er ikkje opphaldsrom.
- Ikkje bannar, pratar stygt om andre, øydelegg eller krenker andre.
- Snøballkasting og snøburing er berre tillatt på tilvist område.

Kuldegrense -15°. Rektor avgjer i tvilstilfelle.

Vi forventar og at du:

- Bruker høvelege sko på kjøkkenet, k&h-rom og i gymsalen.
- Sit første 10 minutt av langfri og et matpakka på klasserommet saman med klassa di og læraren din.
- Hengjer ytterkledda i gangen, og set skoa på plass på hyllene.
- Går roleg inne.
- Bibliotek og andre spesialrom skal berre nyttast når ein lærar er ansvarleg.

### Elevane i ungdomsskulen kan:

- vere i kantina når den er open, frå oktober og til og med april.
- Bruke tyggegummi.
- 10. klasse får lov til å gå utanom skulen sitt område i langfriminuttet. Ordensreglane for skulen gjeld sjølvsagt likevel.

### Mobiltelefon og anna elektronisk utstyr:

For 1.-7. klasse er vi mobilfri skule. Mobiltelefon og evt. anna elektronisk utstyr skal ikkje brukast i skuletida.

For 8.-10. klasse er vi mobilfri skule måndag-torsdag. Fredagar kan elevane bruke mobiltelefonen i alle friminutt.

### Dersom du bryt ordensreglane:

1. Munnleg/skriftleg irrettesetting, åtvaring.
2. Munnleg/skriftleg kontakt med heimen og involvering av føresette.
3. Pålegg om oppgåver for å rette opp skader som er påført skulen sin eigedom eller eigendelar.
4. Møte på skulen før eller etter skuletid for samtaler eller pålagte oppgåver.
5. Nedsatt karakter i orden og/eller åtferd.
6. Rusmiddel og gjenstandar som kan skade andre eller forstyrre opplæringa kan bli beslaglagt ut økta eller ut dagen. Rusmiddel blir ikkje utlevert til elevane. Ulovlege gjenstandar og ulovlege rusmiddel blir levert politiet.
7. Straffbare forhold skal meldast til politiet.
8. Ved skade eller hærverk på skulen sine bygningar, materiell eller utstyr kan du og dine føresette bli erstatningsansvarlege for inntil kr. 5000 (Skadeerstatningslova §2-11).
9. Bortvising; 1. – 7.kl i delar av dagen; 8. – 10.kl i 1 – 3 dagar. (Opplæringslova §9A-11).

Før det blir teke avgjerd om sanksjonar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda. Heimen skal varslast snarast råd.

**Vedteke i SU 15. juni 2018.**